

Omgrep som ofte står i stillingsannonser

Initiativ: Å vere flink til å finne nye og betre måtar å gjere ting på, setje seg mål og jobbe sjølvstendig.

Tilgjengelighet: Å vere lett å få tak i og fleksibel i samarbeid med andre, som kollegaer og kundar.

Motivasjon: Å jobbe hardt for å gjere det betre både for seg sjølv og andre, og ikkje vere redd for å ta sjansar når det trengs.

Handlings- og resultatorientert: Å vere god på å fullføre oppgåver og nå mål ein har sett seg.

Lærings- og endringsvije: Å vere nysgjerrig på nye ting og ivrig etter å lære og å forbetre seg.

Tilpasningsdyktigheit og fleksibilitet: Å kunne handtere når ting ikkje går som planlagt, og finne smarte løysingar på problem.

Rolleforståing og organisatorisk smidigheit: Å forstå rolla si og kunne tilpasse seg ulike situasjonar i arbeidslivet.

Profesjonalitet: Å oppføre seg pent og korrekt på jobb, vere trufast mot dei ein jobbar for, og alltid prøve å tenkje positivt.

Integritet: Å vere ærleg og rettferdig, ta ansvar for eigne handlingar og lære av feil.

Intern og ekstern kommunikasjon: Å vere god til å snakke og skrive klart og forståeleg til alle ein jobbar med eller for.

Interaksjon: Å vere flink til å lytte til andre og vise at ein forstår og bryr seg om dei.

Overtale og påverke: Å kunne få andre til å forstå og støtte det ein meiner er rett.

Digitale grunnferdigheiter: Å kunne bruke grunnleggjande funksjonar på datamaskinar og andre digitale verktøy.

Digitale verktøy og teknologi: Å bruke meir avanserte teknologiske verktøy effektivt.

Digital innbygger: Å vere trygg og ansvarleg når ein brukar internett og digitale medium.

Logisk resonnement og analytisk tenking: Å kunne tenkje klart og løyse vanskelege problem.

Informasjonskompetanse: Å kunne finne, vurdere og bruke informasjon på ein smart måte.

Matematiske ferdigheiter og vitskapeleg forståing: Å bruke tal og vitskapelege metodar for å forstå og løyse problem.

Økonomisk forståing: Å ha grunnleggjande kunnskap om korleis ein handterer pengar og ressursar i ein organisasjon.

Leiing av andre: Å vere god til å hjelpe og vegleie andre i arbeidet deira.

Eigenmotivasjon og sjølvleiing: Å kunne motivere seg sjølv og handtere eigne oppgåver og utfordringar.

Livslang læring: Å stadig søkje nye kunnskapar og forbetre seg sjølv gjennom heile livet.

Uthaldenheit og motstandskraft: Å kunne halde ut og halde fram å prøve sjølv når ting er vanskeleg.

Forståing av kulturelle forskjellar: Å jobbe godt saman med folk frå ulike kulturar.

Verdsetjing av ulikskap og mangfald: Å vise openheit og respekt for ulike menneske og meingane deira.

Lagspelar (teampelar): Å vere god til å arbeide saman med med andre i eit team.

Lagbygger (teambuilder): Å vere flink til å hjelpe eit team til å fungere godt saman.